



ÅRSMØTE I SA NAUSTDAL BÅTLAG

Torsdag 10. mars kl. 18.00 på Haajen kafe

Sakliste

1. Godkjenne medlemmar med tale- og stemmerett

Det er møtt fram 12 personar ved starten av årsmøtet. 3 andre medlemer kom seinare.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte godkjenner 12 + 3 medlemer med tale- og stemmerett.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

2. Godkjenning av innkalling og sakliste

Styret sitt framlegg:

Årsmøte godkjenner innkallinga og sakliste til årsmøte.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

3. Val av ordstyrar

Styret sitt framlegg:

Årsmøte vel Egil Gulholm til ordstyrar.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

4. Val av skrivar

Styret sitt framlegg:

Årsmøte vel Oddbjørn Schei til skrivar.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

5. Val av to personar til å underskrive årsmøtereferat

Årsmøte valde:

1.: Henning Svoen

2.: Helge Stølsvik

6. Årsmelding

Styret viser til vedlagt årsmelding for 2015.

Styreformannen gikk gjennom årsmeldinga. Det vart opplyst at Daniel Stave har vore nestleiar i styret i 2015.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte tek årsmeldinga for 2015 til vitande.

Framlegget vart samrøystes vedteke med den retting som er nemnt ovanfor.

7. Rekneskap

Styret viser til revidert rekneskap for 2015. Årsmøtet vedtok eit budsjett i 2015 med eit driftsresultat (overskot) før avskriving på kr. 103.430. Avskriving for 2015 var sett til kr. 97.000,-

Bortsett frå budsjettposten «vedlikehaldsutgifter båthamna» viser regneskapet at budsjettet var halde. Det var sett av kr. 50.000,- til vedlikehald i båthamna. Det meste av kostnadane var knytt til innkjøp av nye kjettingar for å sikre bryggene. Då ein begynte på dette arbeidet viste deg seg at det var behov for å kjøpe inn meir kjettingar enn det styret først antok var nødvendig. Totale vedlikehaldsutgifter for bryggeanlegget kom på 106.858, ca. kr. 57.000 meir enn budsjetttert. Dette gjorde at driftsresultat (overskot) før avskriving i 2015 vart mindre enn det årsmøtet vedtok. Styre viser elles til informasjon frå kasserar som blir gitt på årsmøte.

Kasserar Sverre Nordgård informerte om rekneskapen og la fram revisjonsmelding

Styret sitt framlegg:

Årsmøte godkjenner rekneskapen for 2015.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

8. Fastsetje medlemskontingenten

Styret tilrår at medlemskontingenten vert uendra for 2016.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte fastset medlemskontingenten for 2016 til kr. 300,-

Framlegget vart samrøystes vedteke.

9. Fastsetje årleg avgift for 4m, 6m og 8m båtplass

Styret tilrår at årleg avgift vert uendra for 2016.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte fastset årsavgifta for 2016 til:

4m båtplass kr. 1600,-

6m båtplass kr. 1700,-

8m båtplass kr. 1800,-

Framlegget vart samrøystes vedteke.

10. Fastsetje eingongsinnskot for 4m, 6m og 8m båtplass

Konsumprisindeksen i 2015 var ifølgje Statistisk sentralbyrå (SSB) på 2,3%. Styret tilrår at innskotet for båtplassane frå 10. mars 2016 til årsmøte i mars 2017 vert justert med 2,3%.

Styret sitt framlegg:

Årsmøtet justerter eingongsinnskotet for 4m, 6m og 8m båtplass etter konsumprisindeksen til SSB på 2.3%.

Etter dette vert eingongsinnskot på båtplassane slik:

4 m plass innskot kr. 24.510, justert innskot etter konsumprisindeks til kr. **25.080**

6 m plass innskot kr. 30.260, justert innskot etter konsumprisindeks til kr. **30.960**

8 m plass innskot kr. 37.000, justert innskot etter konsumprisindeks til kr. **37.850**

Framlegget vart samrøystes vedteke.

11. Fastsetje timegodtgjersle for dugnad

Styret tilrår at timegodtgjersla for dugnad vert uendra for 2016.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte fastset timegodtgjersle for dugnad i 2016 til kr. 100,-

Framlegget vart samrøystes vedteke.

12. Forslag til endringar i lovene for SA Naustdal Båtlag

Lovene i båtlaget vart sist revidert og vedtekne på årsmøte 26.mars 2015, i samband med årsmøtevedtak om å søke båtlaget registrert som samvirkeføretak. Båtlaget vart registrert som samvirkeføretak i 4. november 2015 med namnet SA Naustdal Båtlag

og organisasjonsnummer 913 812 778. Lovene er oppdatert med omsyn til dette og i tillegg er det gjort nokre redaksjonselle endringar.

Jan Peter Sæbø orienterte om endringane.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte vedtek styret sitt framlegg til reviderte lover for SA Naustdal Båtlag.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

13. Investerings- og vedlikehaldsplan for Naustdal Båtlag for perioden 2014-2017

Til årsmøte i 2014 utarbeida styret ein investerings- og vedlikehaldsplan for perioden 2014-2017. Planen skal rullerast kvart år og styret skal legge fram ein oppdatert plan til årsmøtet.

Vedlagt følgjer revidert investerings- og vedlikehaldsplan for perioden 2014-2017.

Planen viser status på kva som er gjort og kva som skal gjerast i perioden.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte vedtek revidert investerings-, og vedlikehaldsplan for 2014-2017.

Framleggert vart samrøystes vedteke.

14. Budsjett 2015

Styret viser til vedlagt driftsbudsjett for 2016.

Det er ikkje lagt opp til store investeringar i 2016. Ser ein isolert på inntekter og utgifter gir budsjettet eit driftsresultat på 112 900 før avskrivning. Styret legg opp til at driftsresultatet pr. 31.12.2016 blir overført til kapitalkontoen.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte vedtek styret sitt framlegg til driftsbudsjett for 2016.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

15. Val

Styret viser til eige framlegg frå valnemnda.

Henning Svoen gjekk gjennom valnemnda sitt framlegg som var:

Innstilling til nytt styre 2016.

Egil Gulholm (leiar) 1 år

Daniel Stave 2 år

Oddbjørn Schei 2 år

Jan Petter Sæbø 1 år

Sverre Nordgård 1 år

Revisorar:

Svein Øverland 2 år

Bjørn Olav Erdal 1 år

Valnemnd:

Henning Svoen 1 år

Harald Myklebust 2 år.

Framlegget frå valnemnda vart samrøystes vedteke.

Ved slutten av årsmøtet orienterte styreleiar og ordstyrar om 2 saker:

A) Møte med representantar frå Kongelig Norsk Båtforbund (KNBF).

Etter spørsmål frå KNBF møte styreleiar Egil Gulholm og Oddbjørn Schei KNBF måndag 7. april. KNBF orienterte om sin organisasjon og inviterte Naustdal Båtlag til å bli medlem. Saka vil bli drøfta i styret i båtlaget og eventuelt lagt fram for eit seinare årsmøte.

B) Møte med Naustdal kommune mfl. om kommunen (båtlaget) si nabogrense mot vest.

Etter fleire møter er det inngått semje mellom Naustdal kommune og familien Gundersen kva gjeld fastsetting av grense mellom Naustdal kommune og eigar av gnr. 99 bnr. 30. Semja omfattar også rett for kommunen (båtlaget) til å nytte avkøyring fylkesveg på gnr. 99 bnr. 30. Port for innkøyring til båtlaget sin parkeringsplass skal etablerast frå lys stolpe og mot fylkesvegen. Den nye nabogrensa skal vere etablert før 1. mai

Møtet slutt.


18.03.16.

